



Byggmester Yngve Ellingsen AS
Olsvikveien 234
5184 OLSVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1134 - 18/7622

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
14.05.2018

Byggesak Gbnr 43/107 Toska - tilbygg fritidsbustad og bod - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad den 26.04.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Då det ikkje er beskrive utnyttingsgrad/størrelse på fritidsbustad i reguleringsplan for Toska hytteområde blir kommuneplan for Radøy 2011-23 gjeldande for berekning av utnytting. Jf. § 2.6 skal område for fritidsbustad samla ikkje overskrida 150 m² bruksareal eller bygd areal. I § 2.7.2 stillest det krav til minst 2 parkeringsplassar som samla utgjør 36 m². Det er då 114 m² tilgjengeleg til fritidsbustad, bod osv. Søkt tiltak er ikkje i tråd med dette og vil krevja dispensasjon.

Til dykkar informasjon er normal forvaltningspraksis i Radøy kommune er at ein bod i område for fritidsbustad ikkje skal overskrida 15 m².

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.06.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Åge Bjørkhaug	Postboks 1843 Håkonsgaten	5866	BERGEN
---------------	---------------------------	------	--------

Mottakarar:

Byggmester Yngve Ellingsen AS	Olsvikveien 234	5184	OLSVIK
-------------------------------	-----------------	------	--------